

Referat foreldremøte 2. klasse

Tid: 25. april 2024

Stad: Klasserommet

Velkommen og første del ved kontaktlærar, Ann Synnøve Hareland.

Klassekontaktane har siste del.

KONTAKTLÆRAR-DELEN

Klassen:

- Kjekk klasse. Lite konflikt. Dei snakkar litt mykje. Dei er gode på orden. Litt utfordring i jentegruppa.
- I leik held dei no gjerne på med perling. Finn gjerne oppskrift/bilete på ipad. Nokon puslar. Ann Synnøve har hatt med mykje leiker sjølv. Det er nesten ikkje kjøpt inn leiker på dei 30 åra Ann Synnøve har vore på Undheim skule.
- Viss heimane har gode leiker til å gje vekk tek skulen veldig gjerne i mot. T.d. togbane, byggjeleiker eller anna (ønsker ikkje "fjolseleiker").
- Litt tidleg å seie kven som vert kontaktlærar neste år, då det er ein kabal som skal leggast.

Sosialt:

- Dei er flinkare å finne kvarandre på tvers av kjønn. Dei tykkjer at det er veldig stas med vennegruppene som kom i gang igjen no.
- Ser at litt sminke er på gang. Det ønsker ein ikkje at dei har på skulen.
- I Zippy har klassen om død og begravelse og kjem til å gå bort på kyrkjegarden.

Skjerm i skulen:

- Dei skriv mykje for hand, bevisst for å gje god læring. Bruker bevisst ipaden på andre ting slik som klokkeøving. Bruker den til drilling av diverse. T.d. også i K&H for å finne framgangsmåtar/oppskrifter når dei skal lage noko. Fint med ipad til å sende lydfil av lesinga.

Læringsmiljøet:

- Nokon er litt treige inn etter friminutt. Når dei første kjem i gang med oppgåvane arbeidar dei godt. Dei er gode til å vere uthaldane, men viss det vert for vanskeleg ønsker dei hjelp kjapt. Øver på å vente på tur. Litt treige til å kome i gang med ryddinga, dei vil heller ha det kjekt. Har ofte med seg hjelpar i klassen. Kan vere litt

forskjellige. Bruker også andre rom for å fordele dei litt på når dei skal arbeide.

Matpausen:

- Minner fortsatt om sunn skulemat. 3 dagar i veka er Ann Synnøve med dei, då er det ofte høgtlesing i bok. dei to andre dagane er det gjerne skjerm, då med "Ugler i mosen" eller anna naturfag-aktig. Det kunne fort blitt kaotisk om desse skulle brukt måltidet til drøs, maten hadde dei gjerne då gløymt å ete.

Samanslåingstimar for 1. og 2. klasse:

- Dei blandar seg i musikk, og har då 1 pedagog. 1. og 2. klasse blandar seg fortsatt på fredagen, men no er dei ikkje i lag alle og med kun 1 pedagog slik skuleåret byrja. Dei er delte i to klassar med ein pedagog i kvar av dei. God kombinasjon.

Vekeplan:

- Det får me ikkje ut på ark.

Foreldrerekøring/aktivitet:

- Ønsker å ha klassen med til Vitengarden på Nærø. Foreldre er positive til å køyre. Spør etter sjåførar når ein har dato.

Godt oppvekstmiljø:

- Tips til heimane: Lære ungane tolmodighet. Ungane må tolke å gjere kjedelege ting. Skjerm er ein trussel der ungane får bekreftelse, "heiing, lyd og pling" heile tida.

KLASSEKONTAKT-DELEN:

VAL (for skuleåret 2024/2025):

- Val av FAU-representant (2 år): Silje Taksdal
 - Klassekontakt (2 år, ny): Anette Selliken
- Klassekontakt (Ikkje på val): Caroline Undheim (1 år att)

KLASSEKASSE:

- Kvar heim spør sjølv Caroline om dei vil vite om dei har betalt eller ikkje for desse to åra. Vi fortset slik me tidlegare har bestemt. 100 kr i året. Klassekontaktane legg då

ut påminning om betaling på FB.

BURSDAG:

- Minner om at me inviterer alle gutane, alle jentene eller heile klassen. Vi forset med max 50kr. Diskuterte ulike alternativ for gâve.

SOMMARKOS:

- Torsdag 13. juni kl 17:30-19:30. Klassekontaktar undersøker om me kan låne/leige kanoar på frilageret. Usikker på pris. Noko å betale, eller gratis for oss - Maiken sjekker med FAU kva moglegheiter det er å leige gjennom dei. Invitasjon og meir informasjon om sommarkosken kjem på Facebook. Alle har med sin kveldsmat slik som før. Sysken skal i utgangspunktet ikkje vere med. Om därleg vær finn me ein plass med tak. Idé om ute i barnehagen eller i ein garasje.
- Klassekontaktar kjem med meir informasjon når det nærmar seg

Klassekontakt takkar Ann Synnøve for alt arbeidet ho legg ned for denne klassen kvar einaste dag.

FELLESDEL MEDIATEKET

- Ny rektor, Gerd Rusdal ønska velkommen, presenterte seg og leia fellesdelen. Ho har arbeida på Undheim skule før. Ho er glad i Undheim skule. Siv Merethe Enge er også ny. Ho presenterte seg som "potet" fordi her skal ho vere både konsulent, avd.leier og lærar. Ho har lang erfaring som lærar på undomsskule. Dei andre lærarane vart også presenterte.
- No arbeider leiinga saman med kommunen for å få stabilitet og rekruttering til Undheim. Det har gått ringt i fleire år, men siste året vert beskrive som krise. Rektor ønsker å få det til for Undheim skule. Me må stå saman både foreldre og skule og heie fram skulen vår. Foreldrene vart utfordra til å kome med innspel, fleire sa litt.
- Det er forskjellige faktorar som gjer at lærarar sluttar i skulen i Norge i dag. Ein faktor er foreldrene. Vere bevisste på korleis ein snakkar til kvarandre. Snakk med respekt. Tips: Sov gjerne på det ein vil seie, då ser kanskje ting litt annleis ut.
- Val av FAU-representantar.

Referent Mariann S. Søyland